

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 18.01.2012
Sakhandsamar: **Bård Humberset**
Saka gjeld: **Budsjett og revisjonsplan for internrevisjonen, 2012**

Styresak 016/12 B

Styremøte 01.02. 2012

Forslag til vedtak

Styret godkjenner årsrapport 2011 for revisjonskomiteen og internrevisjonen.

Oppsummering

I denne saka ligg det forslag til budsjett for 2012, forslag til auke av stillingsramma frå 2 til 3 tilsette, og ei orientering om revisjonsplanlegging/-prosjekt i 2012.

Fakta

Instruks for revisjonskomiteen slår fast at komiteen skal "..Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon. I dette ligg bl.a.: (...) innstille overfor styret på internrevisjonens budsjett og årleg plan for internrevisjon".

Budsjett og rekneskap for internrevisjonen siste tre år viser følgjande per 02.01.2012:

	Rekneskap	Budsjett	Merknad
2009	3 198 842	4 310 441	
2010	6 224 806	4 661 626	
2011	2 266 206	5 337 096	Førebels rekneskap

Som det går fram av årsrapporten for 2011, har internrevisjonen hatt berre ein tilsett mest halve året. Denne situasjonen vil ligge føre også inn i 2012, og har i tillegg medført vanskar med å få satt i gang eksterne krefter i nye prosjekt.

Dette har medført store forseinkingar med internrevisjonsprosjekta ovanfor føretaksgruppa. Vidare har det gitt vanskar for internrevisjonen å kome på offensiven med dei andre oppgåvene (rådgjeving, mislege tilhøve, oppfølging av tidlegare prosjekt, støtte til komiteen etc.).

Administrasjonen i RHF-et vil i budsjettframlegget for 2012 føreslå å utvide stillingsramma i internrevisjonen med ein stilling.

Frå HOD ligg det no føre forslag om å lovfesta kravet til revisjonskomitear og internrevisjonar i dei regionale helseføretaka. Tidligere har kravet vert heimla i ein føretaksprotokoll frå 2005.

Kommentarar

Det er slik at det frå internrevisjonen sin ståstad både er behov for og ønskelig å styrke eininga med ein tredje stilling i 2012.

Det har vore utfordringar knytt til å sikre ein robust organisasjon og kontinuerlege leveransar frå internrevisjonen etter oppstarten i 2005. Det har vore skiftande organisering og bemanning heile tida, dels med egne og dels med eksterne ressursar.

Internrevisjonen si historie, både siste året og tidligare år, har vist at den er svært sårbar for endringar i bemanninga, noko som verker inn på så vel kontinuitet som leveringsevne. Vidare er det ein liten organisasjon på utsida av den ordinære, noko som gjør det viktig å ikkje bare kompensere med eit godt samarbeid med andre regionar og med konsulentkjøp, men også å ha en viss kapasitet og kompetansebredde internt i eininga.

Overskrifta i denne saka viser også til revisjonsplan for 2012. Det er gjort for å søkje å knytte planåret til kalenderåret frametter. Leiar for internrevisjonen viser her til at styret så seint som i juni 2011 (sak 080) vedtok gjeldande plan for 2011-2012. Denne vert følgt opp slik styret vedtok, på den måten at prosjekta kjem til behandling snarast råd er.

Konklusjon

Ein auke av bemanninga vil bidra til betre systematikk, kompetanse og virke personlig motiverande og sosialt mobiliserande internt i internrevisjonseininga. Tilsvarande utvikling synest å bli gjort gjeldande i dei andre regionane, og departementet finn erfaringane med internrevisjon som så gode at det vil lovfeste ordninga.

Det vil framleis vere behov for å leige ekstern spesialkompetanse i prosjekta, slik at internrevisor føreslår å oppretthalde budsjettet til konsulenttenester og styrke det samla budsjett med lønnsmidlar tilsvarande ei ny stilling.

Revisjonskomiteen behandla denne saka 17.1.2012 og fatta dette samrøystes vedtaket:

«Komiteen rår styret til å styrke internrevisjonen med ein ny stilling og budsjettet med lønnsmidlar tilsvarande.»